



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 09.09.2026

Vår ref.: 202616452-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet ved Vinje kraftverk i Vinje kommune, Telemark fylke

NVE har fått ein søknad frå Statkraft Energi AS om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet fastsett ved revisjon kgl. res. 17. juni 2022 for Tokke - Vinjevassdraget for å oppgradere og byggje ny Vinje dam i Vinje kommune.

Søknaden legg opp til ein kortare periode med senking av Vinjevatn ved Vinje dam under LRV i 2028 og mellombels flytting av minstevasslepp i vassdraget frå Vinje dam til Leirli dam under anleggstida. Dei ulike arbeida i prosjektet er planlagd i perioden 2027 til 2031.

NVE vurderer at saka ikkje er så omfattande at det krevst kunngjering og brei offentlig høyring. Søknaden om mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet blir difor berre sende på høyring til Vinje kommune, Telemark fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått ein søknad frå Statkraft Energi AS, datert 21.04.2026, om mellombels å fråvike manøvreringsreglementet for Tokke - Vinjevassdraget, fastsett ved kongelig resolusjon 17. juni 2022. Bakgrunnen er oppgradering og bygging av ny Vinje dam i Vinje kommune.

Den eksisterande dammen tilfredsstillar ikkje dagens krav i Forskrift om tryggleik ved vassdragsanlegg (damsikkerheitsforskrifta) og vil bli erstatta med ein ny.

For å gjere naudsynte arbeid søker Statkraft Energi om å senke vasstanden i Vinjevatn under lågaste regulerte vasstand (LRV) og flytte slepp av minstevassføring til vassdraget frå Vinje til Leirli dam. I tidsrommet mai – juli 2028 søker Statkraft Energi om å senke vasstanden for Vinjevatn ved Vinje dam utover LRV 462 moh. 4,7 meter ned til 457,3 moh. i inntil elleve dagar. Tiltakshavar estimerer at senking av vasstand vil ta inntil fire dagar og at det naudsynte arbeidet i samband med bygging av ny dam vil gjennomførast over sju dagar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Vidare søker Statkraft Energi om å endre sleppstad for minstevassføring til vassdraget frå Vinje dam til Leirli dam for å gjennomføre arbeida ved Vinje dam. Søknaden legg opp til ein flytting av slepp av minstevassføring til Leirli dam i heile anleggsperioden i åra 2027-2031.

Norsk institutt for naturforskning vil i forkant og etterkant av prosjektet utføre fiskeribiologiske undersøkingar i Vinjevattn og på elvestrekninga Vinje dam – Brubakk.

Av omsyn til Tokke kommunes nærleik nedstraums det omsøkte tiltaket inviterast kommunen til å komme med fråsegn i denne høyringa.

Søknaden er tilgjengeleg på NVEs nettside: <http://www.nve.no/9957/V>

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer tilbakemeldingar knytte til momenta i søknaden. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom dei meiner det er andre interessantar som bør få høve til å uttale seg.

Slik sender du inn høyringfråsegn

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til nve@nve.no

Merk e-post med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202616452 i emnefeltet.

Frist for å sende fråsegn er **30.09.2026**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli referert i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir laga ut på NVEs nettsider.

Med helsing

Per-Fredrik Rønneberg Nordhov

Seniorrådgjevar

Godkjend etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

TOKKE KOMMUNE

VINJE KOMMUNE

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR

TELEMAR FYLKESKOMMUNE



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Kopimottakarliste:

STATKRAFT ENERGI AS